



Runar Haugland  
Ievegen 251  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/679 - 16/6385

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
30.03.2016

## Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje på GBNR 49/144

**Administrativt vedtak. Saknr: 87/2016**

### SAKSUTGREIING:

Ved søknad med vedlegg journalført motteke 3.3.2016 har tiltakshavar Runar Haugland søkt om løyve etter Pbl § 20-4 for oppføring av garasje med grunnflate på 69,9 m<sup>2</sup> på gbnr 49/144 i Meland kommune.

Garasjen er søkt oppført inntil 1 meter frå nabogrense.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 3.2.2016, i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader frå nokre av dei varsla partane. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21-3.

Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 49/2 om løyve til plassering inntil 1 meter frå nabogrense som omsøkt.

#### Lov- og plangrunnlag:

Eigedommen er opplista i Tab. 9.1 Bygde bustadeigedomar med status som LNF- spreidd bustad. Oppføring av garasje er i tråd med arealformålet.

#### Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan journalført motteke 3.3.2016. Plassering som omsøkt med minste avstand på 1 meter frå nabogrense vert godkjent i medhald av pbl § 29-4, 3 ledd bokstav (a).

Planløyving, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 3.3.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl § 29-1 – 29-3.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § løyve til oppføring av garasje på 69,9 m<sup>2</sup> som omsøkt på gbnr 49/144. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan og plan-, snitt og fasadeteikningar journalført motteke 3.3.2016. tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje på GBNR 49/144  
kart

teikningar

**Mottakere:**

Runar Haugland

levegen 251

5917

ROSSLAND